



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Handel og tenestetilbud i Hordaland - på små og store stader



Utarbeidd av
Hordaland fylkeskommune
Arbeidslaget Analyse, utgreiing og dokumentasjon
April 2007

INNHALD

Samandrag	3
Innleiing	5
Data og datakvalitet	6
Utfordringar for daglegvarebutikkar i utkantane	6
Folkevekst og arbeidsplassar – samanheng ?	8
Dekningsgrad i varehandelen	10
Utbreiing av utvalde butikkar og servicetilbod i Hordaland.	12
Tettleik av daglegvarebutikkar	15
Lokalsenter med utvida tenestetilbod	16
Utbreiing av tenestetilbod internt i kommunane	17
Kommentarar til nokre kommunar og stader	18
Kjelder, litteratur, definisjonar	20
Vedlegg:	21

Forsidebilde: Sundal i Kvinnherad. Foto: Gunnbjørg Austrheim.

Samandrag

Tenestetilbodet i kommunane blir sett på som ein viktig faktor for å oppretthalde busetnaden i utkantstrok. Føremålet med denne analysen er å kartlegge tenestetilbodet på dei små stadane i Hordaland med fokus på dei stadane som har eit minimumstilbod av tenester. Minimumstilbod i denne samanhengen vil i hovudsak seie daglegvarebutikk og bensinstasjon.

Daglegvaremarknaden i Noreg har vore prega av store omorganiseringar. På den eine sida har det funne stad ei utvikling som gjer at i dag tilhøyrrer nesten alle butikkar ei av dei fire store kjedene som dominerer marknaden. Samstundes har det vore ein sterk reduksjon i talet på daglegvarebutikker. På den andre sida har kundane vorte meir mobile og dei har eit auka forbrukarmedvit som gjer at dei stiller større krav til butikkane dei skal handle i enn tidlegare, til dømes når det gjeld opningstider og vareutval. Dette saman med sviktande kundegrunnlag grunna nedgang i folketalet byr på store utfordringar for mange butikkar i utkantstrok.

For å kunne tolke betydninga av funna i denne rapporten er det viktig med god lokalkunnskap. Rapporten gir likevel eit oversyn over situasjonen i Hordaland på dette feltet, og visse mønster avteiknar seg.

Analysen viser at det er ein nokså eintydig samanheng mellom vekst i folketalet og vekst i talet på arbeidsplassar innan varehandel i Hordaland. Til høgare vekst i varehandelen, til høgare befolkningsvekst.

Dekningsgrad er eit mål som seier noko om kva betydning ein stad eller kommune har som handlesenter, og kan sjåast som eit mål for sentralitet. I Hordaland er alle kommunane som har høg dekningsgrad også definert som regionsenter i fylket. Dei kommunane som har svært låg dekningsgrad er dels forstadskommunar til Bergen, og dels spreiddbygde kommunar som ligg nær eit regionsenter. Lågast dekningsgrad har Sund og Sveio.

Totalt finst det 365 daglegvarebutikker og 102 bensinstasjonar i fylket utanfor Bergen. Alle kommunane i fylket har minst ein daglegvarebutikk. Dei kommunane som har færrest daglegvarebutikker er Granvin, Ulvik, Jondal, Modalen og Fedje. Bortsett frå Ulvik har desse kommunane heller ikkje bensinstasjon. Dette er små kommunar målt i tal innbyggjarar. Modalen er samstundes den kommunen i Hordaland som har høgast tettleik av daglegvarebutikker i forhold til tal innbyggjarar. Lågast tettleik av daglegvarebutikker i forhold til tal innbyggjarar, har Meland, Askøy og Fjell.

Sjølv om alle kommunane har minst ein daglegvarebutikk, varierer utbreiinga av daglegvarebutikker internt i kommunane. Den siste, gjenverande, butikken har både symbolsk og praktisk betydning for innbyggjarane. 22 kommunar har minst ein poststad med berre ein daglegvarebutikk/bensinstasjon. I tillegg har 4 kommunar minst ein poststad med korkje daglegvarebutikk eller bensinstasjon. Radøy, Osterøy, Jondal, Ulvik og Kvinnherad er dei kommunane der størst del av poststadene (64-75 %) enten har ingen eller berre éin daglegvarebutikk/bensinstasjon.

På grunnlag av datamaterialet er det mogleg å peike ut nokre stadar i fylket som ikkje er definert som regionsenter, men som kan kallast "lokalsenter med utvida tenestetilbod", dvs. som har både apotek og bokhandel i tillegg til daglegvarebutikk(ar) og bensinstasjon(ar). Dette er Austrheim, Bremnes (Bømlo), Etne, Lonevåg (Osterøy), Husnes (Kvinnherad), Øystese (Kvam) og Kleppstø (Askøy). Eidfjord, Fedje, Jondal, Masfjorden, Modalen og Sveio har korkje apotek, bokhandel eller helsestudio/solarium.

Det er ikkje nødvendigvis eit problem for ein kommune eller ei bygd at dei har eit dårleg utbygd servicetilbod. Dersom det er kort veg til ein stad med eit bra handels- og tenestetilbod, anten til Bergen eller eit regionsenter, kan innbyggjane få tilfredsstilt sine behov der. På den andre sida kan grunnleggjande tenestetilbod som ein daglegvarebutikk vere veldig viktig for stadsidentiteten. Også for befolkningsgrupper med låg mobilitet, t.d. eldre, er denne typen butikkar ekstra viktige. I tillegg kan den lokale butikken ha ein viktig sosial funksjon for mange.

Kommunane kan saman med andre aktørar vere viktige premissleverandørar når det gjeld utviklinga for butikkane. I Møreforsking si evaluering av Merkurprosjektet vert det sett som eit paradoks at butikken ofte er lite synleg i næringsplanar og strategisk tenking rundt næringsutvikling i kommunane.

Innleiing

Føremålet med denne analysen er å sjå på det grunnleggjande tenestetilbodet på dei små stadene i Hordaland, med fokus på kva stader i fylket som har eit minimumstilbod av tenester. Utgangspunktet for dette er debatten om årsakene til fråflytting, der er det lokale tenestetilbodet antas å ha betydning for i kva grad innbyggjarane og moglege tilflyttarar finn det attraktivt å bu på staden.

I rapporten "Etableringsbetingelser og markedskunnskap" skriv Vidar Vanberg at bruken av senteromgrepa og talet på geografiske nivå ein knyttar senteromgrepa til, kan variere frå fylke til fylke, men ofte finn vi følgjande tredeling:

- Regionsenter (interkommunalt senter)
- Kommunesenter (øvrige kommunesentra)
- Lokalsenter

Som lokalsenter kan ein f eks rekne eit bydelssenter eller eit senter under kommunesenternivå. Overordna eit regionsenter finn ein landsdelssenter, og på lågaste geografiske senternivå (under lokalsenternivå) brukast ofte omgrepa nærsenter/grendesenter.

I følgje Vanberg vil ein servicefunksjon som bensinstasjon med dagligvarer, post og andre tenester (m.a. offentlege) som tilleggsfunksjonar, kunne få ei framtrødande rolle som buffer mot total nedlegging av lokale tilbod i utkantane – som gir lenger avstand til alternative tilbod. Nærbutikken i kombinasjon med andre tenester vert også nemnd i denne samanhengen. Mange hevdar at tiltak som gir et betre driftsgrunnlag for nærbutikken må settes på dagsorden både lokalt og sentralt.

I denne analysen har vi først sett på i kva grad der er ein samanheng mellom folketalsutvikling og utvikling i talet på arbeidsplassar, men kva som er årsak og verknad kan ikkje lesast ut av statistikken. Vidare har vi sett på den såkalla dekningsgraden i varehandelen, som kan vere eit mål på kor stor betydning ein stad/ kommune har som handelssenter.

Den største delen av analysen tek føre seg daglegvarebutikkar og bensinstasjonar, som antas å vere dei mest grunnleggjane tenestene i eit lokalsamfunn. Tidlegare var også postkontor ei slik grunnleggjande teneste, men med rasjonaliseringa av posten og overgang til post i butikk, er ikkje posttenester lenger like interessante i denne samanhengen.

Det vert også sett på utbreiinga av bokhandlar og apotek, sidan dette er to typar tenester som antas å karakterisere senter på eit høgare nivå. Det er dessutan henta ut informasjon om "helsestudio og solarium", sidan dette i nokre undersøkingar er nemnt som moglege urbane kvalitetar som ein ønskjer seg i lokalsamfunnet for at det skal vere attraktivt.

Av praktiske grunnar er ein "stad" definert til å vere ein poststad, sjølv om poststadene ikkje i alle tilfelle samsvarer heilt med det lokalbefolkninga oppfatar som sin "stad". Bergen (kommune) er ikkje teken med i dei detaljerte analysane på stadnivå, sidan problematikken med utkantbutikkar neppe er aktuell for fylkessenteret.

Dokumentet er tilgjengeleg på internett: <http://www.hordaland.no/statistikk/areal>

Data og datakvalitet

Dei fleste dataene som er brukt er registerdata frå Brønnøysundkatalogen. I motsetning til offisiell statistikk er slike data i liten grad kvalitetssikra og har mange feilkjelder. Ei slik feilkjelde er at bedriftene sjølve kan ha registrert seg under ein bransjekode som ikkje er den reelle. Dette kan t.d. skje når bedrifta driv innanfor fleire bransjar, verksemda har endra karakter etter at den først vart registrert, eller verksemda er eigd av eit anna selskap, t.d. eit eigeomsselskap.

Sjølv om bedrifta er registrert på rett bransje vil det kunne vere stor variasjon i kor godt og omfattande tenestetilbod bedrifta gir, noko som ikkje kan lesast ut av datagrunnlaget.

Det kan også forekome at bedrifta ikkje er registrert på den staden den faktisk er lokalisert, t.d. fordi underavdelingar feilaktig er registrert på same adresse som hovudkontoret, eller bedrifta er registrert på innehavar si bustadadresse.

Datagrunnlaget er kontrollert for desse og andre feilkjelder så langt det har lete seg gjere, men alle feil er neppe fanga opp. Tala i rapporten kan derfor ikkje takast heilt bokstaveleg som dokumentasjon på kor mange bedrifter av dei ulike typane som finst på dei ulike stadene. Vonleg kan dataene som vert lagt fram likevel gi ei tenleg oversikt over viktige trekk ved lokalsamfunna sitt tenestetilbod.

Utfordringar for daglegvarebutikkar i utkantane

I rapporten ”Med utkantbutikken i sentrum – Evaluering av merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkane i regionane (Merkur¹- programmet)” har Møreforskning på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet og sett nærare på utkantbutikkane sin situasjon:

Daglegvaremarknaden i Noreg har vore prega av store endringar og omorganiseringar (Kleven og Steen 1996, Lavik 2001). Dette gjeld ikkje berre utkantbutikkar. Det er skjedd ei vertikal integrering, der 99 prosent av butikkane i 2000 var del av dei fire store kjedene som dominerte marknaden (Lavik 2001). Samstundes har det vore ein sterk reduksjon av talet på daglegvarebutikkar, noko som nesten har ført til ei halvering frå 1975 til 2000. Som ein del av denne utviklinga har det vore ein vekst i lågprisbutikkar, noko som gjer at nedgangen for andre daglegvarebutikkar reelt sett har vore større enn kva dei samla tala viser. Etter 2000 har talet på daglegvarebutikkar variert litt frå år til år, men utan same eintydige nedgong som i perioden før.

Det er verdt å merke seg at det ikkje er dei typiske utkantfylka som har hatt størst nedgang. Utkantfylka har flest butikkar pr innbyggjar, noko som speglar den spreidde busetnaden i mange slike fylke. Alt i alt har det likevel vore ein klar nedgang i talet på daglegvarebutikkar over fleire tiår, både i sentrale og mindre sentrale strok. I tillegg er det særleg dei minste butikkane som har vorte borte.

Utfordringane for utkantbutikkane er delvis dei same som andre små butikkar møter. Delvis er det snakk om ekstra utfordringar som følgjer av det å vere lokalisert i små samfunn. Endringane i form av kjededominans, utbygging av store einingar i sentrale område, nye tilbod gjennom bensinstasjonar og storkioskar, er ei side av dette. Ei anna side er endringar i forbrukaråtferd (Dale 1991, Kleven og Steen 1996). Gjennomsnittskunden har vorte meir mobil. Vidare blir det stilt andre krav enn tidlegare, anten det er snakk om praktiske forhold som opningstider, vareutval, pris og service, eller det er snakk om at handleturen skal vere ei oppleving utover det å kjøpe brød og mjølk.

¹ MERKUR (Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkar i regionane), inngår i det arbeidet Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) gjer overfor småsamfunn. Målet er mellom anna å styrkje servicetenestene på landsbygda med basis i nærbutikken.

Det som gjer butikkane i småsamfunna særleg sårbare er at mange opplever sviktande kundegrnlag som resultat av befolkningsnedgang. Mange av butikkane ligg i område som er prega av demografisk uttynning. Slik uttynning er resultat av sviktande rekruttering i dei yngste aldersgruppene. Bakgrunnen er at mange utkantssamfunn over lang tid har hatt nettoflyttetap blant unge i etableringsalder, kombinert med ein landsomfattande nedgang i fertiliteten (Båtevik 1995, Sørli 1995, Aasbrenn 1989, 1994). Mange småsamfunn har opplevd dette over lang tid, men det er først dei siste åra at verknadene har vorte synlege i store delar av distrikts-Noreg. Rekrutteringa til vaksenverda i utkantane, er prega av at fødselskulla har vore små dei siste tiåra.

Samstundes er butikken ein viktig institusjon i mange småsamfunn. Innslaget av eldre er ofte stort. Desse tilhøyrer den minst mobile delen av befolkninga. Det er denne gruppa som i følgje studien "Butikken og bygda" i størst grad gir uttrykk for at nedlegging av butikken hadde konsekvensar for dei sjølve (Hanken, Løvik og Myklebust 1998). Vidare er uttynningssamfunn prega av at dei blir tappa for servicefunksjonar. Dette gjer butikken til ein særleg viktig institusjon i bygda, noko som også vart synleggjort i same studie.

Sentrale samarbeidspartnarar for utkantbutikkar er Posten og Norsk Tipping. Posten er ein av servicefunksjonane som er flytta til butikkane dei siste åra, og har såleis vorte ein viktig samarbeidspart for fleire utkantbutikkar. Norsk Tipping har lenge vore representert i mange utkantbutikkar, men Merkur-programmet har gjennomført fleire prosjekt i samarbeid med Norsk Tipping for å opne opp for tippetenester for fleire utkantbutikkar.

Kommunane (i lag med andre offentlege instansar) kan på ulike måtar vere med å leggje premisser for utviklinga i butikkane. Kommunen kan til dømes eige næringsbygg som butikken brukar, kommunen kan bruke butikken som formidlar av kommunale tenester eller kommunen kan ha ein innkjøpspolitikk som inkluderer eller ikkje inkluderer butikken.

Brukarane er sjølvstøtt viktige aktørar for butikkane. Deira haldningar og handlingar er avgjerande. En studie (Hanken, Løvik og Myklebust 1998) viser tildømes at halvparten av husstandane i små samfunn kjøper minst 90 % av daglegvarene i den lokale butikken.

Det store fleirtalet Merkur-butikkar ligg i små kommunar i utkantstrok. Samstundes finst butikkane i alle landsdelar og er også representerte i andre område, til dømes i influensområdet til dei største byane. Dette er uttrykk for at Noreg har mange småsamfunn, sjølv om avstanden til byområde og dei tilboda som eksisterer der er relativt liten. Butikkane som ligg i slike område kan ha vel så store utfordringar som butikkar i utkantområde.

Tilleggstenester er viktige (tipping, bensin, post, kafé, bakeri, jaktfiskekort m.v.) Når talet på tilleggstenester veks, må dette tolkast som uttrykk for at butikkdrivarane ser seg tente med å utvikle slike. Som siste butikk i bygda eller på øya er det viktig at kundane har tilgang til eit breitt spekter og eit variert servicetilbod. Tilleggstenester kan såleis vere særleg viktige for desse butikkane.

Lokalsamfunnsperspektivet har lenge hatt ein plass i tenkinga rundt butikkar i småsamfunn. Intensjonane har vore at ein gjennom programmet skal leggje meir vekt på å utvikle forholdet mellom butikkane og lokalsamfunnet. Lokalsamfunnsperspektivet har mange dimensjonar, gitt at nærbutikken har ein viktig funksjon i det samfunnet den er ein del av. I litt snevrare forstand handlar lokalsamfunnsperspektivet om det samspelet som er mellom butikk på den eine sida og befolkning og lokale organisasjonar på den andre sida.

Butikken har fleire funksjonar i bygda. Den er for det første ein serviceinstitusjon som tilbyr varer og ofte andre tenester til nytte for befolkninga. I tillegg blir butikken vurdert som ein viktig møtestad (Hanken, Løvik og Myklebust 1998). Nest etter skulen blir butikken vurdert som den viktigaste fellesinstitusjonen i bygda. I dette ligg det også eit potensiale for samspel mellom butikken og bygda.


Møreforskning sin analyse av Merkur-prosjektet viser at samarbeidet mellom butikken og kommunen vert vurdert som mindre viktig enn samarbeidet med andre aktørar (t.d. kundar, kjede). Det vert sett på som eit paradoks at butikken ofte er lite synleg i næringsplanar og strategisk tenking rundt næringsutvikling i kommunane. Det er stort potensiale for mange kommunar for å engasjere seg endå meir.

Folkevekst og arbeidsplassar – samanheng ?

Med utgangspunkt i at Møreforskning i si evaluering hevdar at befolkningsnedgang kan resultere i sviktande kundegrnnullag som gjer butikkane i småsamfunna særleg sårbare, har AUD brukt statistikk om folkevekst og arbeidsplassutvikling frå 1987 til 2006 for å sjå på den historiske samanhengen mellom folketal og arbeidsplassar:

I figur 1 og 2 er folkeveksten lagt inn horisontalt, medan arbeidsplassveksten framgår vertikalt og varierer etter sektor. Krysset i figurane markerer fylkesgjennomsnittet, medan den innteikna linja er ein forventningskurve som uttrykker den gjennomsnittlege samanhengen mellom utviklinga i folketal og utviklinga i arbeidsplassar for desse kommunane i dette tidsromet. Dei kommunane som ligg over forventningskurven har hatt ei betre arbeidsplassutvikling for dei aktuelle bransjane enn folketalsutviklinga skulle tilseie, dei som ligg under kurven har hatt ei dårlegare utvikling enn forventa.


Figur 1: Folkevekst og arbeidsplassutvikling i varehandel og hotell og restaurant



Stort sett er det ein positiv samanheng mellom folkevekst og talet på arbeidsplassar innan varehandel og hotell- og restaurantnæringa; ein veksande lokal marknad gir fleire arbeidsplassar innan desse næringane. For dei kommunane som har den aller dårlegaste utviklinga i folketallet viser likevel dei dataene som er nytta her ein negativ samanheng. Dette skuldast at innanfor hotell- og restaurantnæringa ligg det ofte godt til rette for å satse på utbygging av tilbod som rettar seg mot ein større marknad enn den lokale. Dette gjeld m.a. Eidfjord og Sveio, som ligg langs trafikerte vegar. I Sveio var dessutan tilbodet innanfor desse næringane ganske lite i utgangspunktet, slik at det ikkje skal

så stor utbygging til for å få ein høg prosentvis vekst. Også i Fedje, som ligg meir isolert, har ein i den aktuelle perioden lukkast med å bygge opp eit hotell- og restauranttilbod frå eit lågt nivå.

Figur 2: Folkevekst og arbeidsplassutvikling i varehandel.



Når vi berre ser på vekst i arbeidsplassar i varehandelen, viser figur 2 ein nokså eintydig samanheng mellom vekst i folketalet og fleire arbeidsplassar innan varehandel. Veksten innan varehandel aukar med aukande befolkningsvekst, noko som kan forståast som at aukande folketal gir grunnlag for handel med stadig fleire vareslag. Der kan likevel vere unntak frå hovudregelen, t.d. har Øygarden og Meland hatt svært ulik utvikling i varehandelen sjølv om befolkningsveksten har vore om lag den same. Dette skuldast sannsynlegvis at Meland sin nærleik til handelssenteret i Knarvik gjer det vanskelegare/ unødvendig å bygge ut varehandelen.

Det framgår av datagrunnlaget at det er ein tydeleg samanheng mellom utviklinga i folketal og arbeidsplassar, men det er ikkje mogleg å lese ut frå tala kva som er årsak og kva som er verknad.

Dataene seier noko om korleis strukturen i varehandel og hotell- og restaurant har utvikla seg dei siste knapt 20 åra.

Bergen vil alltid ligge nær fylkesgjennomsnittet, sidan kommunen veg så tungt i utrekninga av fylkesgjennomsnittet.

I små kommunar kan små endringar i talet på arbeidsplassar gi store utslag målt i prosent.


Dekningsgrad i varehandelen

Dekningsgraden uttrykker kor stor betydning ein stad/ kommune har som handelssenter, og kan sjåast som eit mål på "sentralitet".

Dekningsgrad er definert som:
$$\frac{\text{FAKTISK OMSETNING I DETALJHANDELEN}}{\text{FORBRUKAREN SINE VAREKJØP}} * 100$$

Ein dekningsgrad på om lag 100 betyr at der er om lag balanse mellom handelsvolumet i kommunen og kor mykje innbyggjarane handlar for totalt. Ein dekningsgrad på over 100 betyr at kommunen er eit handelssenter med mange kundar utanfrå, medan kommunar med dekningsgrad på under 100 har handelslekkasje.

Figur 3: Andel av varehandelen i fylket i forhold til andel av folketallet i fylket.



	Dekningsgrad
1201 Bergen	128
1263 Lindås	121
1246 Fjell	120
1235 Voss	109
1221 Stord	109
1228 Odda	105
1243 Os	101
1227 Jondal	94
1238 Kvam	94
1264 Austrheim	87
1232 Eidfjord	87
1224 Kvinnherad	82
1219 Bømlo	75
1247 Askøy	72
1211 Etne	72
1223 Tysnes	72
1244 Austevoll	71
1252 Modalen	66
1260 Radøy	58
1222 Fitjar	56
1253 Osterøy	48
1233 Ulvik	46
1251 Vaksdal	45
1231 Ullensvang	45
1241 Fusa	41
1256 Meland	40
1265 Fedje	40
1242 Samnanger	40
1259 Øygarden	39
1266 Masfjorden	38
1234 Granvin	36
1216 Sveio	30
1245 Sund	27

Tabell 1: Dekningsgrad i kommunane i fylket, rangert frå størst til minst dekningsgrad.

Alle kommunane som på kartet er markert med "Høg dekningsgrad" er samstundes også definert som regionsenter i fylket. To av dei utpeikte regionsentera i fylket, Odda og Norheimsund, ligg i kommunar med noko lågare dekningsgrad i varehandelen.

Jondal skil seg ut med å ha ganske høg dekningsgrad til småkommune å vere, noko som mest skuldast at kommunen har relativt lang reiseavstand til eit regionsenter.

I Bergensregionen er det verdt å merke seg at uttrykt i dekningsgrad ligg Knarvik og Straume no ikkje langt etter Bergen som handelssenter.

Kommunane med lågast dekningsgrad er dels forstadskommunar til Bergen, dels spreiddbygde kommunar som ligg nær eit regionsenter.

Utbreiing av utvalde butikkar og servicetilbod i Hordaland

Følgjande bransjar er inkludert i analysen:

- Daglegvare
- Bensin
- Apotek
- Bokhandel
- Helsestudio/ solarium.

Samla tilbod i kommunane

Totalt er det registert 596 butikkar i fylket (utanom Bergen) innan desse fem bransjane. Som tabellen under viser, er det stor variasjon blant kommunane i Hordaland når det gjeld tilbodet av butikkar innan dei utvalde bransjane. Dei fem kommunane med størst tilbod er Voss, Stord, Kvinnherad, Lindås og Askøy, som alle har 40 butikkar eller meir. I den andre enden av skalaen finn vi Granvin, Jondal, Modalen og Fedje, som alle har 5 butikkar eller færre.

Kommune	Tal butikkar	Kommune	Tal butikkar
Voss	57	Tysnes	13
Stord	56	Sund	12
Kvinnherad	43	Øygarden	12
Lindås	41	Austrheim	11
Askøy	40	Sveio	11
Fjell	33	Samnanger	9
Bømlo	30	Eidfjord	8
Os	29	Masfjorden	8
Odda	28	Meland	8
Kvam	22	Radøy	8
Austevoll	19	Fitjar	7
Osterøy	17	Ulvik	6
Etne	15	Granvin	5
Fusa	14	Jondal	3
Ullensvang	14	Modalen	2
Vaksdal	14	Fedje	1

Tabell 2: Samla tilbod av butikkar i kommunane innanfor dei bransjane som omfattast av analysen

Daglegvarebutikkar og bensinstasjonar

Daglegvarebutikkar og bensinstasjonar er viktige å sjå spesielt på i denne samanhengen. Desse tilboda er særleg viktige for distrikta. I følge Vanberg (2000) vil ein servicefunksjon som nærbutikk eller bensinstasjon med dagligvarer, post og andre tenester (m.a. offentlege) som tilleggsfunksjonar, kunne få ei framtrødande rolle som buffer mot total nedlegging av lokale tilbod, noko som vil gje utkantbefolkninga lengre avstand til alternative tilbod. På små plassar ofte desse tilboda dei einaste som eksisterer, og dei kan dermed også vere av stor verdi for den staden dei ligg, tildømes ved å vere ein sentral sosial møteplass.

Totalt er det 365 daglegvarebutikkar og 102 bensinstasjonar i fylket utan Bergen. Alle kommunane i fylket har daglegvarebutikk. Talet på daglegvarebutikkar varierar frå totalt 35 i Voss til 1 på Fedje. Det er flest bensinstasjonar på Stord, medan 4 kommunar ikkje har dette tilbodet. Det gjeld Fedje, Granvin, Jondal og Modalen.

Kommune	Tal butikkar	Kommune	Tal butikkar
Voss	35	Tysnes	9
Kvinnherad	30	Øygarden	9
Stord	29	Vaksdal	8
Lindås	24	Masfjorden	7
Askøy	19	Sund	7
Bømlo	19	Austrheim	5
Odda	18	Eidfjord	5
Os	16	Fitjar	5
Austevoll	14	Meland	5
Fjell	13	Radøy	5
Fusa	12	Samnanger	5
Kvam	12	Granvin	4
Etne	10	Ulvik	4
Osterøy	10	Jondal	3
Sveio	10	Modalen	2
Ullensvang	10	Fedje	1

Tabell 3: Talet på daglegvarebutikkar i kommunane

Kommune	Bensinstasjonar	Kommune	Bensinstasjonar
Stord	10	Ullensvang	3
Kvinnherad	8	Osterøy	2
Lindås	8	Sund	2
Voss	8	Øygarden	2
Askøy	6	Fitjar	1
Bømlo	6	Fusa	1
Kvam	6	Masfjorden	1
Odda	5	Meland	1
Os	5	Radøy	1
Fjell	4	Samnanger	1
Vaksdal	4	Sveio	1
Austevoll	3	Ulvik	1
Austrheim	3	Fedje	0
Eidfjord	3	Granvin	0
Etne	3	Jondal	0
Tysnes	3	Modalen	0

Tabell 4: Talet på bensinstasjonar i kommunane

Apotek, bokhandel og helsestudio/ solarium

Medan daglegvarehandel og bensinstasjonar representerer viktige grunnleggande tilbod, er utbreiinga av apotek, bokhandel og helsestudio/ solarium interessante, fordi det kan seie noko om breidda i tenestetilbodet.

Totalt er det 20 apotek, 30 bokhandlar og 79 helsestudio/ solarium i fylket. Til saman er det 18 kommunar som ikkje har apotek og 16 kommunar som ikkje har bokhandel. Utreiinga av helsestudio/solarium er noko høgare enn for dei to andre tilboda. Størst er tilbodet i Fjell og Askøy, medan 10 kommunar har ikkje dette tilbodet.

Kommune	Tal apotek	Kommune	Tal apotek
Askøy	2	Fedje	0
Fjell	2	Fitjar	0
Lindås	2	Fusa	0
Os	2	Granvin	0
Stord	2	Jondal	0
Voss	2	Masfjorden	0
Austrheim	1	Modalen	0
Bømlo	1	Radøy	0
Etne	1	Samnanger	0
Kvam	1	Sund	0
Kvinnherad	1	Sveio	0
Meland	1	Tysnes	0
Odda	1	Ullensvang	0
Osterøy	1	Ulvik	0
Austevoll	0	Vaksdal	0
Eidfjord	0	Øygarden	0

Tabell 5: Talet på apotek i kommunane

Kommune	Tal butikkar	Kommune	Tal butikkar
Stord	4	Ulvik	1
Voss	4	Vaksdal	1
Fjell	2	Austevoll	0
Kvam	2	Eidfjord	0
Kvinnherad	2	Fedje	0
Lindås	2	Fitjar	0
Odda	2	Fusa	0
Os	2	Granvin	0
Askøy	1	Jondal	0
Austrheim	1	Masfjorden	0
Bømlo	1	Meland	0
Etne	1	Modalen	0
Osterøy	1	Radøy	0
Sund	1	Samnanger	0
Tysnes	1	Sveio	0
Ullensvang	1	Øygarden	0

Tabell 6: Talet på bokhandlar i kommunane

Kommune	Tal	Kommune	Tal
Askøy	12	Fusa	1
Fjell	12	Granvin	1
Stord	11	Kvam	1
Voss	8	Meland	1
Lindås	5	Vaksdal	1
Os	4	Øygarden	1
Bømlo	3	Eidfjord	0
Osterøy	3	Etne	0
Samnanger	3	Fedje	0
Austevoll	2	Jondal	0
Kvinnherad	2	Masfjorden	0
Odda	2	Modalen	0
Radøy	2	Sveio	0
Sund	2	Tysnes	0
Austrheim	1	Ullensvang	0
Fitjar	1	Ulvik	0

Tabell 7: Talet på helsestudio/ solarium i kommunane

Tettleik av daglegvarebutikkar

Målt ved innbyggjarar per butikk kan butikktettleiken (daglegvare) seiast å vere størst i Modalen og Eidfjord. Ein annan liten kommune, Fedje, kjem ut med langt lågare butikktettheit, sidan denne kommunen har berre ein butikk.

Butikktettleiken seier ikkje nødvendigvis så mykje om utval og kvalitet på varetilbodet. Så lenge ikkje avstandane vert for store, kan det vere betre å samle alt i ein relativt velassortert butikk enn å spre handelen på fleire små butikkar.

Den låge butikktettleiken i kommunane rundt Bergen gjenspeglar at her er det mange store butikkar, mange av dei etablert i kjøpesenter eller i samband med utbygging av bustadområde.

Kommune	Innb. pr butikk	Kommune	Innb. pr butikk
Modalen	178	Sveio	476
Eidfjord	183	Austrheim	504
Masfjorden	233	Vaksdal	512
Granvin	244	Lindås	566
Ulvik	284	Bømlo	573
Tysnes	306	Fitjar	579
Fusa	312	Stord	581
Austevoll	314	Fedje	620
Ullensvang	342	Kvam	686
Jondal	352	Osterøy	719
Etne	386	Sund	810
Voss	394	Radøy	932
Odda	397	Os	975
Kvinnherad	434	Meland	1 203
Øygarden	459	Askøy	1 211
Samnanger	471	Fjell	1 599

Tabell 8: Butikktettleik (daglegvarer) i kommunane, 2007

Lokalsenter med utvida tenestetilbod

I Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel er det utpeika 8 regionsenter i fylket, i tillegg til fylkessenteret Bergen:

Knarvik
Leirvik
Odda
Os
Norheimsund
Straume
Voss
Haugesund (for Etne og Sveio)

Med basis i informasjon om forekomst av dei fem typane tenesteyting som vert omtalt i denne analysen kan vi dessutan peike på nokre stader i fylket som ikkje er definert som regionsenter, men som kan kallast ”lokalsenter med utvida tenestetilbod”. I tillegg til evt. kommunale tenester har desse både daglegvarebutikk, bensinstasjon, bokhandel og apotek:

- Austrheim
- Bremnes
- Etne
- Kleppestø
- Lonevåg
- Husnes
- Øystese

Dette er stader som har større breidde i tenestetilbodet enn andre lokalsenter og dermed sannsynlegvis er meir attraktive.

Utbreiing av tenestetilbod internt i kommunane

Stader med berre ein daglegvarebutikk eller ein bensinstasjon (evt. med daglegvaretilbod) vert sett på som spesielt sårbare. "Sistebutikken" har stor betydning, ikkje minst symbolsk. Butikken er "siste skanse" i kampen mot fråflytting. Kor langt denne staden ligg frå eit alternativt tilbod eller kor vanskeleg det er å kome seg dit, har sjølvstøtt betydning for kor alvorlege konsekvensar nedlegging av sistebutikken har. For å bli definert som sistebutikk, må butikken vere lokalisert på ei øy eller at det er minst 10 kilometer til næraste alternative innkjøp av daglegvarer.

Tabell 8 viser at 22 kommunar har *minst ein* poststad som berre har ein daglegvarebutikk/ bensinstasjon. I tillegg har 4 andre kommunar minst ein poststad som ikkje har korkje daglegvarebutikk eller bensinstasjon.

I 11 kommunar har *fleirtalet* av poststadene ingen eller berre ein butikk.

Kommune	Tal poststadar med <i>ingen</i> daglegvarebutikk/ bensinstasjonar	Tal poststadar med <i>ein</i> daglegvarebutikk/bensinstasjon	Tal poststadar i kommunen	Andel poststadar med <i>ingen eller ein</i> daglegvarebutikk/ bensinstasjon
Fedje	0	1	1	100 %
Radøy	0	3	4	75 %
Ulvik	2	0	3	67 %
Jondal	1	1	3	67 %
Osterøy	0	4	6	67 %
Kvinnherad	3	13	25	64 %
Askøy	3	3	10	60 %
Sund	2	1	5	60 %
Fusa	0	4	7	57 %
Os	2	2	7	57 %
Austevoll	1	4	9	56 %
Etne	1	1	4	50 %
Fjell	3	1	8	50 %
Sveio	0	2	4	50 %
Tysnes	2	2	8	50 %
Kvam	2	1	7	43 %
Vaksdal	0	2	5	40 %
Lindås	2	2	11	36 %
Bømlo	1	2	9	33 %
Eidfjord	1	0	3	33 %
Stord	1	0	3	33 %
Ulensvang	0	2	6	33 %
Voss	2	0	6	33 %
Masfjorden	0	1	4	25 %
Odda	0	1	4	25 %
Øygarden	0	1	4	25 %

Tabell 9: Talet på poststader med ingen eller ein daglegvarebutikk/ bensinstasjon etter kommune

Fedje har berre ein poststad og berre ein butikk og ligg difor øvst på lista. Deretter følgjer Radøy, der 3 av 4 poststader har berre ein butikk. Askøy og Fjell har 3 poststader kvar som korkje har daglegvarebutikk eller bensinstasjon.

Kommentarar til nokre kommunar og stader

Askøy er inne i ein periode med sterk folkevekst og har få, men store butikkar. Mesteparten av tilbodet er konsentrert på **Kleppestø**, med få tilbod nordover på øya.

Bømlo har eitt relativt sterkt senter, **Bremnes**, som har alle dei fem tenestetilboda som vert omtalt her.

Fedje er registrert med berre ei bedrift, ein daglegvarebutikk. Som det framgår av oversikta over butikkettleik har Fedje relativt mange innbyggjarar per butikk til å vere ein så liten kommune. Det tyder på at den butikken som er på Fedje er relativt stor og har eit breidt vareutval, noko som kan gi eit vel så bra tilbod som i ein annan liten kommune som har fleire svært små butikkar. Fedje er ikkje registrert med bensinstasjon, men har likevel bensinutsal.

Modalen er den minste kommunen i fylket og strekkjer seg over eit stort område. Kommunen har to daglegvarebutikkar som begge er ganske små, og færrest innbyggjarar per butikk i fylket.

Kvinnherad er ein særleg oppdelt kommune, der 16 av 25 poststader berre har daglegvarebutikk eller bensinstasjon. Kommunen har to stader, **Husnes** og **Rosendal**, som i tillegg til dei to mest grunnleggande tenestetilboda også har bokhandel, og Husnes har dessutan apotek.

Kvam har regionsenteret **Norheimsund** med mange tenesteytande bedrifter, men som manglar apotek. Apoteket ligg i **Øystese**, som i denne samanhengen har eit minst like variert tenestetilbod som regionsenteret. **Ålvik** har ein daglegvarebutikk og ein bensinstasjon, som mest sannsynleg vil få det vanskelegare når verksemda ved Elkem Bjølvefossen opphøyrer.

Masfjorden er ein svært spreiddbygd kommune som er registrert med heile 7 daglegvarebutikkar fordelt på fire poststader. Sjølv om kommunen ligg langs ein hovudveg har den berre ein bensinstasjon, som ligg i ein annan del av kommunen enn hovudvegen.

Osterøy er også ganske spreiddbygd, men alle tenestene av dei typane vi interesserer oss for her er samla i kommunesenteret **Lonevåg**. Med unntak av ein bensinstasjon på **Valestrandsfossen** har dei andre stadene i kommunen berre daglegvarebutikkar.

Ullensvang er ein oppdelt kommune der **Lofthus** har eit noko sterkare tenestetilbod enn andre stader i kommunen, gjennom å ha to daglegvarebutikkar og ein bokhandel. **Utne** er registrert med heile fire daglegvarebutikkar.

Vaksdal består av fleire tettstader, men mykje av tenesteytinga er samla på **Dalekvam**, som i tillegg til kommuneadministrasjon og daglegvarer har bokhandel og fleire bensinstasjonar.

Radøy, Osterøy, Jondal, Ulvik og **Kvinnherad** er (utanom Fedje) dei kommunane der størst del (64- 75 %) av poststadene berre har ein daglegvarebutikk eller ein bensinstasjon.

I Øygarden og Sotra er **Fjell (Straume)** svært dominerande innan varehandel og annan forbrukarretta tenesteyting, noko som kjem til synes i at Fjell har ein nesten like høg dekningsgrad i varehandelen som Bergen. Nabokommunane og særleg **Sund** har ein tilsvarande låg dekningsgrad. Ingen andre stader i regionen enn Straume har apotek eller bokhandel. Det kan innverke på dekningsgraden at Straume (Sartor senter) har mange kundar frå Bergen.

I Nordhordland med **Lindås** og **Knarvik** er situasjonen liknande som for Øygarden og Sotra.

Det er ikkje nødvendigvis eit problem for ein kommune eller ei bygd at dei har eit dårleg utbygd servicetilbod. Dersom det er kort veg til ein stad med eit bra handels- og tenestetilbod, anten til Bergen eller eit regionsenter, kan innbyggjarane få tilfredsstilt sine behov der. På den andre sida kan

grunnleggjande tenestetilbod som ein daglegvarebutikk vere veldig viktig for stadsidentiteten. Også for befolkningsgrupper med låg mobilitet, t.d. eldre, er denne typen butikkar ekstra viktige. I tillegg kan den lokale butikken ha ein viktig sosial funksjon for mange.

Kjelder, litteratur, definisjonar

Brønnøysundregisteret

www.brreg.no

www.ravninfo.no

Data pr. mars 2007.

Fullstendige nemningar på bransjane som er omtalt i analysen:

Daglegvarer: *52110 Butikkh. med bredt vareutv. med hovedvekt på nær.- og nyt.midl. (kan også omfatte kioskar og helsekost).*

Bensinstasjonar: *50500 Detaljhandel med drivstoff til motorvogner*

Bokhandel: *52471 Butikkhandel med bøker og papir*

Apotek: *52310 Butikkhandel med apotekvarer*

Helsestudio/ solarium: *93040 Helsestudio-, massasje- og solstudiovirksomhet*

Statistisk sentralbyrå:

www.ssb.no/statistikbanken

Møreforskning Volda:

Båtevik, Tangen, Yttredal: Med utkantbutikken i sentrum – Evaluering av merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkane i regionane (2006).

NIBR:

Vidar Vanberg: Etableringsbetingelser og markedskunnskap (2000).
Detlajlhandel- og senteranalyse for Hordaland (2000)

Hordaland fylkeskommune:

Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002).

www.hordaland.no/lokalsamfunn

Vedlegg:

Tenestetilbod i kommunane - oversikt

	Tilbod					Total
	1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
kommune						
1 Askøy	2	6	1	19	12	40
2 Austevoll	0	3	0	14	2	19
3 Austrheim	1	3	1	5	1	11
4 Bømlo	1	6	1	19	3	30
5 Eidfjord	0	3	0	5	0	8
6 Etne	1	3	1	10	0	15
7 Fedje	0	0	0	1	0	1
8 Fitjar	0	1	0	5	1	7
9 Fjell	2	4	2	13	12	33
10 Fusa	0	1	0	12	1	14
11 Granvin	0	0	0	4	1	5
12 Jondal	0	0	0	3	0	3
13 Kvam	1	6	2	12	1	22
14 Kvinnherad	1	8	2	30	2	43
15 Lindås	2	8	2	24	5	41
16 Masfjorden	0	1	0	7	0	8
17 Meland	1	1	0	5	1	8
18 Modalen	0	0	0	2	0	2
19 Odda	1	5	2	18	2	28
20 Os	2	5	2	16	4	29
21 Osterøy	1	2	1	10	3	17
22 Radøy	0	1	0	5	2	8
23 Samnanger	0	1	0	5	3	9
24 Stord	2	10	4	29	11	56
25 Sund	0	2	1	7	2	12
26 Sveio	0	1	0	10	0	11
27 Tysnes	0	3	1	9	0	13
28 Ullensvang	0	3	1	10	0	14
29 Ulvik	0	1	1	4	0	6
30 Vaksdal	0	4	1	8	1	14
31 Voss	2	8	4	35	8	57
32 Øygarden	0	2	0	9	1	12
Total	20	102	30	365	79	596

Figur 9 gir ei samla oversikt over tenestetilbodet i alle kommunane i Hordaland

Tenestetilbudet etter poststad i kvar kommune

Askøy:

		Tilbod					Total
		1	2	3	4	5	
		Apotek	Bensin	Bokhandel	Daglegvarer	Helsestudio/solarium	
Poststad	ASK	0	0	0	1	1	2
	ERDAL	0	0	0	0	2	2
	FLORVÅG	0	0	0	1	1	2
	FOLLESE	0	0	0	1	1	2
	HAUGLANDS-HELLA	0	2	0	4	1	7
	HETLEVIK	0	0	0	0	1	1
	KJERRGARDEN	0	1	0	1	0	2
	KLEPPESTØ	2	3	1	9	3	18
	STRUSSHAMN	0	0	0	2	2	4
Total		2	6	1	19	12	40

Austevoll:

		Tilbod			Total
		2	4	5	
		Bensin	Daglegvarer	Helsestudio/solarium	
Poststad	BAKKASUND	0	1	0	1
	BEKKJARVIK	0	3	1	4
	KOLBEINSVIK	1	0	1	2
	LITLAKALSØY	0	1	0	1
	MØKSTER	0	1	0	1
	STOLMEN	0	2	0	2
	STOREBØ	2	4	0	6
	TORANGSVÅG	0	2	0	2
Total		3	14	2	19

Austrheim:

		Tilbod					Total
		1	2	3	4	5	
		Apotek	Bensin	Bokhandel	Daglegvarer	Helsestudio/solarium	
Poststad	AUSTRHEIM	1	2	1	3	1	8
	FONNES	0	1	0	2	0	3
Total		1	3	1	5	1	11

Bømlo:

		Tilbud					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/solarium	
Poststad	BRANDASUND	0	0	0	1	0	1
	BREMNES	1	1	1	6	1	10
	BØMLO	0	1	0	2	1	4
	ESPEVÆR	0	0	0	1	0	1
	FINNÅS	0	1	0	1	0	2
	MOSTERHAMN	0	2	0	5	0	7
	RUBBESTADNESET	0	1	0	1	0	2
	URANGSVÅG	0	0	0	2	1	3
Total		1	6	1	19	3	30

Eidfjord:

		Tilbud		Total
		2 Bensin	4 Daglegvarer	
Poststad	EIDFJORD	3	3	6
	VØRINGSFOSS	0	2	2
Total		3	5	8

Etne:

		Tilbud				Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	
Poststad	ETNE	1	2	1	5	9
	FJÆRA	0	0	0	1	1
	SKÅNEVIK	0	1	0	4	5
Total		1	3	1	10	15

Fedje:

		Tilbud	
		4 Daglegvarer	Total
Poststad	FEDJE	1	1
Total		1	1

Fitjar:

		Tilbod			Total
		2 Bensin	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/solarium	
Poststad	FITJAR	1	5	1	7
Total		1	5	1	7

Fjell:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/solarium	
Poststad	BRATTHOLMEN	0	0	0	1	2	3
	FJELL	0	1	0	3	0	4
	KNARREVIK	0	0	0	2	0	2
	STRAUME	2	2	2	5	9	20
	ÅGOTNES	0	1	0	2	1	4
Total		2	4	2	13	12	33

Fusa:

		Tilbod			Total
		2 Bensin	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/solarium	
Poststad	BALDERSHEIM	0	1	0	1
	EIKELANDSOSEN	1	3	0	4
	FUSA	0	3	1	4
	HOLMEFJORD	0	2	0	2
	NORDTVEITGREND	0	1	0	1
	STRANDVIK	0	1	0	1
	SÆVAREID	0	1	0	1
Total		1	12	1	14

Granvin:

		Tilbod		Total
		4 Daglegvarer	5 Helsestudio/solarium	
Poststad	GRANVIN	4	1	5
Total		4	1	5

Jondal:

		Tilbod	
		4	Total
		Daglegvarer	
Poststad	HERAND	1	1
	JONDAL	2	2
Total		3	3

Kvam:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	NORHEIMSUND	0	2	1	7	0	10
	STRANDEBARM	0	1	0	1	0	2
	TØRVIKBYGD	0	0	0	1	0	1
	ØYSTESE	1	2	1	2	1	7
	ÅLVIK	0	1	0	1	0	2
Total		1	6	2	12	1	22

Kvinnherad:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad:	ARNAVIK	0	0	0	1	0	1
	DIMMELSVIK	0	1	0	0	0	1
	FJELBERG	0	0	0	1	0	1
	HALSNØY KL.	0	1	0	2	0	3
	HATLESTRAND	0	0	0	2	0	2
	HERØYSUNDET	0	0	0	1	1	2
	HUSNES	1	2	1	4	1	9
	HØYLANDSBYGD	0	0	0	1	0	1
	MATRE	0	0	0	1	0	1
	MAURANGER	0	0	0	1	0	1
	ROSENDAL	0	0	1	2	0	3
	SEIMSF OSS	0	0	0	1	0	1
	SNILSTVEITØY	0	0	0	1	0	1
	SUNDE	0	2	0	1	0	3
	SÆBØVIK	0	1	0	3	0	4
	USKEDALEN	0	1	0	2	0	3
	UTÅKER	0	0	0	1	0	1
	VALEN	0	0	0	2	0	2
	ÆNES	0	0	0	1	0	1
	ØLVE	0	0	0	1	0	1
	ÅKRA	0	0	0	1	0	1
Total		1	8	2	30	2	43

Lindås:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	ALVERSUND	0	1	0	2	0	3
	EIKANGERVÅG	0	2	0	1	0	3
	HJELMÅS	0	0	0	1	0	1
	ISDALSTØ	2	3	2	8	3	18
	LINDÅS	0	1	0	4	2	7
	MYKING	0	0	0	2	0	2
	OSTEREIDET	0	1	0	1	0	2
	SEIM	0	0	0	4	0	4
	VIKANES	0	0	0	1	0	1
Total		2	8	2	24	5	41

Masfjorden:

		Tilbod		Total
		2 Bensin	4 Daglegvarer	
Poststad	HAUGSVÆR	0	2	2
	HOSTELAND	1	1	2
	MASFJORDNES	0	3	3
	MATREDAL	0	1	1
Total		1	7	8

Meland:

		Tilbod				Total
		1 Apotek	2 Bensin	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	FREKHAUG	1	1	3	1	6
	ROSSLAND	0	0	2	0	2
Total		1	1	5	1	8

Modalen:

		Tilbod	
		4 Daglegvarer	Total
Poststad	MODALEN	2	2
Total		2	2

Odda:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	ODDA	1	3	2	12	2	20
	RØLDAL	0	2	0	2	0	4
	SKARE	0	0	0	3	0	3
	TYSSDAL	0	0	0	1	0	1
Total		1	5	2	18	2	28

Os:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	HAGAVIK	0	0	1	0	0	1
	LEPSØY	0	0	0	1	0	1
	LYSEKLOSTER	0	0	0	2	0	2
	NORDSTRØNO	0	0	0	1	0	1
	OS	2	4	2	11	4	23
	SØFTELAND	0	1	0	1	0	2
Total		2	5	3	16	4	30

Osterøy:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	BRUVIK	0	0	0	1	0	1
	FOTLANDSVÅG	0	0	0	1	0	1
	HAUS	0	0	0	1	1	2
	LONEVÅG	1	1	1	3	1	7
	TYSSEBOTNEN	0	0	0	1	0	1
	VALESTRANDS- FOSSEN	0	1	0	3	1	5
Total		1	2	1	10	3	17

Radøy:

		Tilbod			Total
		2 Bensin	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	BØVÅGEN	0	1	0	1
	MANGER	1	2	2	5
	SLETTA	0	1	0	1
	SÆBØVÅGEN	0	1	0	1
Total		1	5	2	8

Samnanger:

		Tilbod			Total
		2 Bensin	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	TYSSE	0	4	2	6
	ÅRLAND	1	1	1	3
Total		1	5	3	9

Stord:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	SAGVÅG	0	2	0	5	0	7
	STORD	2	8	4	24	11	49
Total		2	10	4	29	11	56

Sund:

		Tilbod				Total
		2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/ solarium	
Poststad	GLESVÆR	0	0	1	0	1
	SKOGSVÅG	2	1	4	2	9
	STEINSLAND	0	0	2	0	2
Total		2	1	7	2	12

Sveio:

		Tilbod		Total
		2 Bensin	4 Daglegvarer	
Poststad	AUKLANDSHAMN	0	1	1
	FØRDE I HORDALAND	0	1	1
	SVEIO	1	5	6
	VALEVÅG	0	3	3
Total		1	10	11

Tysnes:

		Tilbod			Total
		2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	
Poststad	LUNDEGREND	1	0	1	2
	ONARHEIM	0	0	2	2
	REKSTEREN	0	0	1	1
	TYSNES	2	1	2	5
	UGGDAL	0	0	2	2
	ÅRBAKKA	0	0	1	1
Total		3	1	9	13

Ullensvang:

		Tilbod			Total
		2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	
Poststad	GRIMO	0	0	1	1
	HOVLAND	0	0	1	1
	KINSARVIK	1	0	1	2
	LOFTHUS	1	1	2	4
	NÅ	1	0	1	2
	UTNE	0	0	4	4
Total		3	1	10	14

Ulvik:

		Tilbod			Total
		2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	
Poststad	ULVIK	1	1	4	6
Total		1	1	4	6

Vaksdal:

		Tilbod				Total
		2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/solarium	
Poststad	DALEKVAM	3	1	3	0	7
	EIDSLANDET	0	0	2	0	2
	STAMNES	0	0	1	0	1
	STANGHELLE	0	0	1	1	2
	VAKSDAL	1	0	1	0	2
Total		4	1	8	1	14

Voss:

		Tilbod					Total
		1 Apotek	2 Bensin	3 Bokhandel	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/solarium	
Poststad	EVANGER	0	0	0	2	0	2
	SKULESTADMO	0	1	0	1	0	2
	VOSS	2	6	3	28	8	47
	VOSSESTRAND	0	1	1	4	0	6
Total		2	8	4	35	8	57

Øygarden:

		Tilbod			Total
		2 Bensin	4 Daglegvarer	5 Helsestudio/solarium	
Poststad	HELLESØY	0	3	0	3
	HERNAR	0	1	0	1
	RONG	1	2	0	3
	TJELDSTØ	1	3	1	5
Total		2	9	1	12

Tabell 10 viser tenestetilbudet i kvar enkelt kommune.

Poststader med ein daglegvarebutikk eller bensinstasjon

Poststad	Kommune	Daglegvarer	Bensin	Poststad	Kommune	Daglegvarer	Bensin
Ask	Askøy	1	0	Hjelmås	Lindås	1	0
Florvåg	Askøy	1	0	Vikanes	Lindås	1	0
Follese	Askøy	1	0	Matredal	Masfjorden	1	0
Bakkasund	Austevoll	1	0	Tyssedal	Odda	1	0
Litlakalsøy	Austevoll	1	0	Lepsøy	Os	1	0
Møkster	Austevoll	1	0	Nordstrøno	Os	1	0
Kolbeinsvik	Austevoll	0	1	Bruvik	Osterøy	1	0
Brandasund	Bømlo	1	0	Fotlandsvåg	Osterøy	1	0
Espevær	Bømlo	1	0	Haus	Osterøy	1	0
Fjæra	Etne	1	0	Tyssebotnen	Osterøy	1	0
Fedje	Fedje	1	0	Bøvågen	Radøy	1	0
Brattholmen	Fjell	1	0	Sletta	Radøy	1	0
Baldersheim	Fusa	1	0	Sæbøvågen	Radøy	1	0
Nordtveitgrend	Fusa	1	0	Glesvær	Sund	1	0
Strandvik	Fusa	1	0	Auklandshamn	Sveio	1	0
Sævareid	Fusa	1	0	Førde i Hordaland	Sveio	1	0
Herand	Jondal	1	0	Reksteren	Tysnes	1	0
Tørvikbygd	Jondal	1	0	Årbakka	Tysnes	1	0
Arnavik	Kvinnherad	1	0	Grimo	Ullensvang	1	0
Dimmelsvik	Kvinnherad	0	1	Hovland	Ullensvang	1	0
Fjelberg	Kvinnherad	1	0	Stamnes	Vaksdal	1	0
Herøysundet	Kvinnherad	1	0	Stanghelle	Vaksdal	1	0
Høylandsbygd	Kvinnherad	1	0	Hernar	Øygarden	1	0
Matre	Kvinnherad	1	0				
Mauranger	Kvinnherad	1	0				
Seimsfoss	Kvinnherad	1	0				
Snilstveitøy	Kvinnherad	1	0				
Utåker	Kvinnherad	1	0				
Ænes	Kvinnherad	1	0				
Ølve	Kvinnherad	1	0				
Åkra	Kvinnherad	1	0				

Tabell 11 viser poststader, ordna kommunevis, som har berre ein daglegvarebutikk eller ein bensinstasjon.

Ei rekkje poststader i fylket har berre ein daglegvarebutikk eller ein bensinstasjon og vil ved nedlegging av denne vere utan eit minimum av lokale tenestetilbod.

Poststader med verken daglegvarebutikk eller bensinstasjon

Poststad	Kommune	Tal
HERDLA	Askøy	0
ERDAL	Askøy	0
HETLEVIK	Askøy	0
VESTRE VINNESVÅG	Austevoll	0
FOLDRØYHAMN	Bømlo	0
ØVRE EIDFJORD	Eidfjord	0
MARKHUS	Etne	0
KYSTBASEN ÅGOTNES	Fjell	0
MISJE	Fjell	0
TURØY	Fjell	0
KYSNESSTRAND	Jondal	0
OMASTRAND	Kvam	0
STEINSTØ	Kvam herad	0
LØFALLSTRAND	Kvinnherad	0
SANDVOLL	Kvinnherad	0
VARALDSØY	Kvinnherad	0
MONGSTAD	Lindås	0
VÅGSEIDET	Lindås	0
SKORPO FERIEHEIM	Os	0
HAGAVIK	Os	0
HUGLO	Stord	0
KLOKKARVIK	Sund	0
TÆLAVÅG	Sund	0
FLATRÅKER	Tysnes	0
GODØYSUND	Tysnes	0
FINSE	Ulvik herad	0
VALLAVIK	Ulvik herad	0
BOLSTADØYRI	Voss	0
STALHEIM	Voss	0

Tabell 12 viser poststadene i fylket som ikkje er registrert i Brønnøysundregisteret med nokon av dei tenestetypene som omtalast i analysen. Ikkje alle poststadene er relle som lokalisering for handel og private tenester.



Agnes Mowinckelsgate 5,
N-5020 Bergen, Norway
Telefon: 552 39061

Trykk: Hordaland fylkeskommune